

Protokoll

Norsk kulturskoleråd

Vestland

Styremøte: 2022-01

Tid: 7.2 2022 kl.12:00 – 15:00

Sted: Nett



Norsk kulturskoleråd Vestland møtte stortingsrepresentantane for Sogn og Fjordane 11.01.2022

Sakliste

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakliste	3
2022.02 Godkjenning av referat.....	3
2022.03 Referatsaker	3
2022.04 Eventuelt	3
2022.05 Styrearbeid	4
2022.06 Styreleiar for Norsk kulturskoleråd Vestland ...	4
2022.07 Eigenkapital	4
2022.08 Utviklingsområder	5
2022.09 Politisk arbeid	5

Forfall:

styremedlem	Ingrid Heieren Sølvberg
varamedlem	Idun A. Husabø

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksdokument: Innkalling
Sakliste

Vedtak

Styret godkjenner saka.

Merknad

Nestleiar må forlate kl.13:30. Styremøtet vert av den grunn frå kl.12:00 – 13:30.

2022.02 Godkjenning av referat

Saksdokument: [Styremøte 6. protokoll 30.11](#)

Vedtak

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 2021-06.

2022.03 Referatsaker

Saksdokument: Vedlegg 1 rådgjevar sin rapport frå 17.11 til og med 24.01 2022
Vedlegg 2 rekneskap 2021 før revisjon

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

2022.04 Eventuelt

Saksdokument: Orientering i møtet om avtale og rekneskap for UMM.

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

1. UMM regionalt Bergen 2021 og perioden 2022-2023

Saksutgreiing

Bergen kulturskule har til no dekkja husleige. Kulturskulen si leiing ber om, at utgiftene for husleiga vert delt likt mellom kulturskulen, NMF Hordaland og Norsk kulturskoleråd Vestland.

Vedtak

Norsk kulturskoleråd Vestland dekkjer ein tredjedel av husleiga for UMM regionalt Bergen i 2021 med inntil kr.10 000.

Norsk kulturskoleråd Vestland dekkjer ein tredjedel av husleige og bevertning til UMM regionalt i Bergen for 2022 og 2023 med inntil kr.10 000 per år.

2022.05 Styrearbeid

Saksdokument: Tre presentasjoner frå styreseminaret 20.01.2022 utsendt i mail same dag.
[Styreinstruks 2022](#)
[Hovedstyremøte 05.2021 og 01.2022](#)

Vedtak

Saka vert utsett til styremøte 2022.02.

2022.06 Styreleiar for Norsk kulturskoleråd Vestland

Saksdokument: Utredning kjem i styremøtet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Vedtak

1. Nestleiar Grete Berntzen vert konsituert styreleiar for Norsk kulturskoleråd Vestland.
2. Varamedlem Kirill Zimin trer inn som fast styremedlem.
3. Kunngjering om ekstraordinært årsmøte gjennomført på e-post vert sendt frå rådgjevar til medlemmane.
4. Rådgjevar kontakter valkomiteen sin leiar og ber velkomiteen iverksette arbeid med innstilling.

2022.07 Eigenkapital

Saksdokument: [Sakskart og protokoll frå årsmøtet](#)
Dokument tilsendt.

Vedtak

Styret slutter seg til utlysingskrivet for eigenkapitalen og retningslinjer for tildeling. Rådgjevar

sender utlysinga i e-post til medlemmane. På grunnlag av innkomne søknader, oppnemner AU ei habil nemnd på tre personar, som får mandat til å gje innstilling på innkomne søknadar ut i frå utarbeidde kriterier.

2022.08 Utviklingsområder

Saksdokument: [Sakskart og protokoll frå Hovedstyremøte 3 og sakskart møte 4.](#)
[Sakskart landstinget 2020 sak 5.1.4, 5.1.6, 5.1.7](#)
[Protokoll landstinget 2020 sak 5.1.4 s.17, 5.1.6 s.20, 5.1.7 s.21-22](#)
[Sakskart og protokoll frå årsmøtet](#)
[Presentasjonar frå årsmøtekonferansen:](#)

1. Fordypning med mangfold og [strategien](#)
2. Ung musikk – modell for fordypning og talentutvikling, Viken
3. Unge talenter Bjergsted, Stavanger
4. Resultat frå årsmøtelyden sine framlegg til tiltak sendt i eige dokument.
5. Vedtak i KS sitt kommunedirektørutvalg nov. 2020 sjå saksutgreiing.
6. [Jakob Sande senter for forteljekunst.](#)
7. [Samarbeidsparter Norsk kulturskoleråd](#)

Vedtak

Saka vert utsett til styremøte 2022.02. Saka vert drøfta på arbeidsmøte 25. mars.

2022.09 Politisk arbeid

Saksdokument: [Stortingsbenken for Hordaland og stortingsrepresentantane 2021-2025](#)
[Arendalsuka 2022](#)

Vedtak

Saka vert utsett til styremøte 2022.02.